



TILSYNSRAPPORT

- Kommunen som barnehagemyndighet, jf. barnehagelova § 8.
- Kommunen si godkjenning av barnehagar, jf. barnehagelova § 10.
- Kommunen sitt tilsyn med barnehagane, jf. barnehagelova § 16.

Suldal kommune

2014

Innhald

1. Innleiing	3
2. Om tilsynet med Suldal kommune	3
2.1 Fylkesmannen sitt tilsyn	3
2.2 Tema for tilsyn.....	3
2.3 Om gjennomføringa av tilsynet.....	4
2.4 Om tilsynsrapporten	5
3. Kommunen som barnehagemyndighet.....	5
3.1 Rettsleg krav	5
3.2 Fylkesmannen sine undersøkingar.....	5
3.3 Fylkesmannen sine vurderingar.....	6
3.4 Fylkesmannen sin konklusjon.....	6
4. Kommunen si godkjenning av barnehagane	7
4.1 Rettsleg krav	7
4.2 Fylkesmannen sine undersøkingar.....	7
4.3 Fylkesmannen sine vurderingar.....	7
4.4 Fylkesmannen sin konklusjon.....	8
5. Kommunen sitt tilsyn med barnehagane	8
5.1 Rettsleg krav	8
5.2 Fylkesmannen sine undersøkingar.....	9
5.3 Fylkesmannen sine vurderingar.....	9
5.4 Fylkesmannen sin konklusjon.....	10
6. Varsel om pålegg.....	10
7. Frist for tilbakemelding	11

1. Innleiing

Fylkesmannen har i perioden frå 01. juli 2014 til dags dato gjennomført tilsyn med kommunen som barnehagemyndigkeit, jf. barnehagelova § 8 i Suldal kommune.

Førebels tilsynsrapport blei sendt kommunen på e-post 31. oktober, sluttmøte blei halde 4. november. Suldal kommune er gitt rett til å kommentere førebels rapport, jf. forvaltningslova § 16, og fekk frist til 20. november. Kommunen gav tilbakemelding i e-post den 19.11.14 med oversyn over korleis kommunen vil følgje opp tilsynet etter førebels tilsynsrapport. Det er vist til at kommunen vil utarbeide rutinar for godkjenning av barnehagar, rutinar for tilsyn med barnehagane, tilsetje barnehagefagleg rådgivar og utvide informasjonsrutinane for barnehagane.

Fylkesmannen har nå utarbeidd endelig tilsynsrapport. Vi har tatt omsyn til tilbakemeldingar som vart gitt i sluttmøtet, og har gjort nokre justeringar i teksten på grunnlag av dette. Det er ikkje gjort endringar i varsla pålegg etter tilbakemeldinga frå kommunen.

2. Om tilsynet med Suldal kommune

2.1 Fylkesmannen sitt tilsyn

Fylkesmannen fører tilsyn med kommunen som barnehagemyndigkeit, jf. barnehagelova § 9 andre ledd. Fylkesmannen sitt tilsyn med kommunen som barnehagemyndigkeit er tilsyn med det lovpålagde, jf. kommunelova § 60 b.

Fylkesmannen sitt tilsyn med kommunen som barnehagemyndigkeit er utøving av myndigkeit og skjer i samsvar med reglane for dette i forvaltningsretten. Tilsynet skal vere prega av openheit og likebehandling, og det skal kunne etterprøvast og vere effektivt.

I dei tilfella der Fylkesmannen konkluderer med at eit rettsleg krav ikkje er oppfylt, blir dette sett på som lovbro, uavhengig av om det er barnehagelova eller forskrifter fastsette i medhald av denne lova som er brotne.

2.2 Tema for tilsyn

Tilsynet er delt i desse hovudemna:

- kommunen som barnehagemyndigkeit, jf. barnehagelova § 8 første ledd
- kommunen si godkjenning av barnehagar, jf. barnehagelova § 10
- kommunen sitt tilsyn med barnehagane, jf. barnehagelova § 16

Kommunen sitt ansvar

Kommunen er lokal barnehagemyndigkeit. Kommunen skal gi rettleiing og sjå til at barnehagane blir drivne i samsvar med gjeldande regelverk, jf. barnehagelova § 8 første ledd.

Enkelte av kommunen sine oppgåver er særskilt regulerte i barnehagelova kap. IV ”*Barnehagemyndighetens generelle oppgaver*”. Ansvaret inneber mellom anna godkjenning av og tilsyn med barnehagane, jf. barnehagelova §§ 10 og 16. Ansvar for å oppfylle andre krav i barnehagelova følgjer indirekte av oppgåvene med tilsyn og godkjenning.

Kommunen vil vere adressat for eventuelle pålegg om retting i samsvar med barnehagelova § 9 andre ledd, jf. kommunelova kap. 10 A.

Formålet med tilsynet

Formålet med tilsynet er å setje søkjelys på kommunen sitt overordna ansvar for å sikre oppfylling av krav i barnehagelova med forskrifter, både internt i kommuneadministrasjonen og i kvar barnehage.

Gjennom denne kontrollen skal eventuell lovstridig praksis avdekkjast. Pålegg om endring skal føre til at slike forhold blir retta opp.

Oppfylling av krava i lova når det gjeld oppgåvane til kommunen som barnehagemyndighet, er med på å sikre at barnehagane blir drivne i samsvar med regelverket. Dette gjeld også lovkrav knytte til kvaliteten på barnehagetilbodet.

2.3 Om gjennomføringa av tilsynet

Tilsyn med Suldal kommune vart opna gjennom brev 01.07.2014. Kommunen er blitt pålagd å leggje fram dokumentasjon for Fylkesmannen med heimel i kommunelova § 60 c. Fylkesmannen sine vurderinger og konklusjonar er baserte på skriftleg dokumentasjon og opplysningar frå intervju.

Følgjande dokument inngår i dokumentasjonsgrunnlaget for tilsynet:

- Organisasjonskart
- Delegasjonsreglement
- Årsmelding frå oppvekst 2012 og 2013
- Økonomiplan med handlingsprogram 2012-2015
- Kommuneplan for Suldal kommune 2009 - 2020
- Retningsliner for sakshandsaming i kommunen
- Årsmelding og rekneskap 2012 (kommunen)
- Internkontrollrutinar
- Oversikt over arbeidsoppgåver for kommunalsjef, rådgivar og styrar
- Referat frå møte med styrarane
- Mal for godkjenning av barnehagane
- Vedtak om godkjenning av barnehagane 2012 og 2013
- Mal for tilsyn med barnehagane 2007 og 2011
- Eksempel på varsel om tilsyn og rapportar frå tilsyn med barnehagar
- Årsmeldingar frå barnehagane 2012 og 2013

Det vart gjennomført tilsyn på staden 30. september 2014. Det var intervju med:

- Rådmann Øyvind Valen
- Kommunalsjef Nils Erik Eide
- Styrar Marit Stueland Tveit, Vinjar barnehage
- Styrar Karin Søndenaa Nessa, Jelsa oppvekstsenter barnehage
- Styrar Gerd Kolstø, Stølane barnehage

2.4 Om tilsynsrapporten

Denne tilsynsrapporten inneholder frist for retting av ulovlege forhold avdekt under tilsyn, jf. kommunelova § 60 d. Fristen for retting er sett til 1. mars 2015.

Dersom forholdet ikkje er retta innan fristen, vil Fylkesmannen vedta pålegg om retting. Vi viser vidare til kapittel 6 og 7 i rapporten.

3. Kommunen som barnehagemyndighet

3.1 Rettsleg krav

Kommunen skal som barnehagemyndighet føre tilsyn med kvar barnehage. Kommunen skal gjennom godkjenning, rettleiing og tilsyn sjå til og sikre at barnehagane i kommunen driv i samsvar med gjeldande regelverk og elles er forsvarlege.

Det rettslege utgangspunktet for tilsynet sin kontroll med kommunen som tilsynsmyndighet er å finne i barnehagelova § 8 første ledd. Sjå vedlegg for ei konkretisering av dei rettslege krava.

3.2 Fylkesmannen sine undersøkingar

Suldal kommune har 8 barnehagar, alle er kommunale. Tre av barnehagane er ein del av oppvekstsenter med skolen. Alle barnehagane har styrar og samarbeidsutval.

I kommunen sitt delegeringsreglement er barnehagelova i sin heilskap delegert til levekårsutvalet. Myndigkeit til å gjere enkeltvedtak og saker som ikkje er prinsipielle, er vidaredelegerert til rådmannen. I internt delegeringsreglement har rådmannen delegert sine fullmakter innafor barnehagelova vidare til kommunalsjef for oppvekst.

Ny kommunalsjef for oppvekst tok til i stillinga i august, og han har hatt ein runde med besøk til alle barnehagane for å gjere seg kjend. Kommunen har ikkje hatt barnehagefagleg rådgivar dei siste åra, men det er opplyst at det truleg vil bli oppretta slik stilling igjen frå januar 2015. Ein administrativ tilsett i kommunen har oversikt over barn og personale, og i intervju kjem det fram at styrarane får støtte og rettleiing frå denne tilsette, mellom anna i samband med opptak av barn og ved tilsetjingar av personale.

Styrarane har frå mai 2014 fått delegert fullt ansvar for økonomi og personale. Kommunen arbeider med å oppdatere det interne delegeringsreglementet. I intervju er det opplyst at styrarane har fått opplæring på desse områda.

Kommunen får informasjon frå barnehagane gjennom faste møte med styrarane, gjennom økonomi/tertialrapportar og gjennom den årlege årsmeldinga (Basil-rapporteringa).

Kommunen har to opptak av barn per år, styrarane har opptaksmyndigkeit. Kommunen hentar inn opplysningar om barnetal og bemanning i samband med opptaka. I intervju kjem det fram at kommunen har ikkje rutinar for å få tilsendt årsplanane til barnehagane, men at nokre av styrarane likevel sender årsplanen. Det er ikkje rutinar med å gi tilbakemelding med vurdering av årsplanane frå kommunen til barnehagane.

3.3 Fylkesmannen sine vurderingar

Barnehagelova § 8 første ledd stadfestar plikta til å gi barnehagane rettleiing og er elles ein overordna regel som plasserer ansvaret kommunen har som barnehagemyndigkeit. Fylkesmannen vurderer her kommunen si handtering av denne rolla.

Suldal kommune har som eigar av barnehagane kontakt og oppfølging i samband med opptak av barn, foreldrebetaling, økonomi og personale. Vi ser likevel ikkje at kommunen som barnehagemyndigkeit har tilstrekkelege kontrollrutinar for å innhente informasjon for å kunne vurdere behovet for rettleiing og tilsyn. Det er ikkje dokumentert at kommunen ber om informasjon frå barnehagane med opplysningar om drifta knytte til krav i barnehagelova, for eksempel om arbeidet med det faglege innhaldet i barnehagen, foreldresamarbeid, informasjon om teieplikt eller meldeplikta til barnevernet.

Det kjem fram i intervju at det er liten barnehagefagleg kompetanse på kommunenivå, og at styrarane i stor grad ber om rettleiing hos kvarandre ved spørsmål eller problemstillingar. Kommunen tar liten kontakt med barnehagane og «etterspør ikke noe særlig».

Etter Fylkesmannen si vurdering har kommunen ikkje tilstrekkelege kontrollrutinar som sikrar at kommunen som barnehagemyndigkeit har informasjon om drifta i barnehagane.

Ved utøving av rolla som barnehagemyndigkeit er det ein føresetnad at kommunen harrett lovforståing. Utøvinga føreset også kompetanse både barnehagefagleg og i høve til forvaltningsreglane. Rettleiing og tilsyn må skje i samsvar med det behovet kommunen avdekkjer i sin kontakt med barnehagane.

Det kjem fram i intervju at styrarane ikkje søker om dispensasjon frå utdanningskravet for pedagogiske leiarar. Dei meiner at kommuneleddet kjenner regelverket og følgjer opp dette. Etter § 18 i barnehagelova med forskrifter skal eigar søker om dispensasjon frå utdanningskravet dersom det ikkje er søkerar med godkjent utdanning til stillingar med krav om barnehagelærarutdanning. Kommunen som barnehagemyndigkeit kan vedta slike dispensasjonar. Vi har ikkje bedt om dokumentasjon på dette området i tilsynet vårt, men vi vurderer det etter dette slik at kommunen i si behandling av dispensasjonar ikkje har ein praksis etter reglane i § 18 i lova. Vidare er det vår vurdering at kommunen her ikkje har ei tydeleg forståing av kva rolle den har som barnehageeigar og som barnehagemyndigkeit.

Kommunen si lovforståing er etter Fylkesmannen si vurdering mangefull etter barnehagelova også på andre område. Dette vil bli gjennomgått under punkt 4 og 5 om godkjenning og tilsyn.

3.4 Fylkesmannen sin konklusjon

Suldal kommune har ikkje tilstrekkeleg kunnskap om barnehagane til å vurdere behov for rettleiing og tilsyn. Kommunen si lovforståing er mangefull på fleire område etter barnehagelova og kommunen har ikkje tilstrekkeleg barnehagefagleg kompetanse eller forvaltningskompetanse for oppgåveløysinga. Fylkesmannen konkluderer med at kommunen i liten grad utfører oppgåvene som barnehagemyndigkeit.

4. Kommunen si godkjenning av barnehagane

4.1 Rettsleg krav

Kommunen skal som barnehagemyndighet behandle søknader om godkjenning av barnehagar. Kommunen skal gi si godkjenning etter ei vurdering av om barnehagen er eigna når det gjeld barnehagelova sine reglar om føremål og innhald.

Det rettslege utgangspunktet for tilsynet sin kontroll med kommunen si godkjenning av barnehagane å finne i barnehagelova § 10. Sjå vedlegg for ei konkretisering av dei rettslege krava.

4.2 Fylkesmannen sine undersøkingar

Barnehagane i Suldal kommune er etablerte i åra mellom 1976 og 2006. Kommunen har ikkje dokumentert godkjenningar for barnehagane frå desse åra.

Fylkesmannen førte tilsyn med Suldal kommune i 2008. I dette tilsynet fekk kommunen avvik etter barnehagelova § 10: *Suldal kommune fattar ikkje vedtak om godkjenning av barnehagar etter reglane i barnehagelova*. Avviket vart grunngitt med at kommunen sine vedtak om endra godkjenning berre var synlege i Kunnskapsdepartementet sitt skjema F-4198.

Kommunen sine vurderingar av korleis barnehagen er eigna, kjem ikkje fram i dokumentasjonen.

I dokumentasjonen frå kommunen til dette tilsynet ligg det ved ein mal for godkjenning av barnehagar. Malen inneheld punkt om lokale og uteområde (eigna for barnehagedrift), areal, bemanningsplan, politiattest, vedtekter og vilkår for godkjenning. Denne malen er nytta for vedtak om godkjenningar frå 2012 og 2013 som kommunen har fatta for alle barnehagane. Vedtaka viser til barnehagelova § 10 2. ledd, og er underteikna av tidlegare oppvekstsjef. Styrarane opplyser i intervju at dei ikkje kjenner til desse godkjenningane, og det er uvisst kvifor dei er gitt. Styrarane oppgir at dei sjølv har berekna leike- og oppholdsarealet i barnehagane sine, det er dette arealet dei oppgir i årsrapporteringane.

Vinjar barnehage er bygd ut i 2013, og i intervju er det stadfesta et det ikkje ligg føre godkjenning etter lov om barnehagar frå denne utbygginga. I vedtaket om godkjenning av barnehagen frå 2013 er det ikkje vist til utbygginga. Arealet er i vedtaket utvida frå 308 til 484 m², barnetalet er auka og stillingar for pedagogisk leiar og assistent er utvida. Opningstida er også utvida. Uteområde er det same. I teksten begge åra er det oppgitt at «det skal byggjast ny barnehage i tilknyting til Kjerstimoen i 2012-13». Teksten elles er lik begge åra, og inneheld ikkje vurderingar av dei nye lokala.

I vedtaket om godkjenninga av Vinjar barnehage frå 2012 er det oppgitt at godkjenninga vert gjort gjeldande frå 15.08.2012. Godkjenninga i vedtaket frå 2013 vert gjort gjeldande frå 01.08.2011.

4.3 Fylkesmannen sine vurderingar

§ 10 i barnehagelova krev godkjenning ved etablering av nye barnehagar og ved påbygg eller endring i drift eller arealbruk. Eigar av barnehagen har etter § 6 i lova plikt til å søkje

godkjenning før drifta blir sett i gang. Det at kommunen er eigar av barnehagane og samtidig er godkjenningsmyndigkeit, gir ikkje fritak frå å foreta dei konkrete vurderingane som er kravde i barnehagelova. Vurderingane skal dokumenterast, og det skal fattast vedtak om godkjenning etter reglane i forvaltningslova. Godkjenninga set rammer for drifta av barnehagen og er viktig dokumentasjon for den som skal drive og leie barnehagen.

Fylkesmannen skal vurdere kommunen sin godkjenningspraksis på tidspunktet for tilsynet. Dei godkjenningane frå 2012 og 2013 som er dokumenterte i dette tilsynet, er ikkje knytte til etablering eller endring av barnehagane. Vi har gjennom intervjuha heller ikkje forstått det slik at dette er oppfølging av vårt tilsyn frå 2008. Vi vurderer det slik at desse godkjenningane meir er å sjå på som ein årleg gjennomgang med justering av barnetal og bemanning. Vedtaka er ikkje i tråd med barnehagelova eller forvaltningslova sine krav om kva kommunen som barnehagemyndigkeit skal vurdere og vedta i samband med godkjenning av barnehagar.

Kommunen sin mal for godkjenningar er ikkje fullt ut eigna til å foreta dei vurderingane som barnehagelova krev. Malen inneheld mellom anna fleire punkt om barnehagen sine vedtekter, desse utgjer om lag halve malen. Vedtekten skal ikkje godkjennast av barnehagemyndigheita, men leggjast ved til informasjon. Det er barnehageeigar som fastset vedtekten, og barnehagane i Suldal har same kommunale vedtekter. Det er derfor lite relevant å gi så mykje merksemd til vedtekten. Vidare er ikkje samordning med andre faginstansar oppgitt i malen slik lova krev.

Kommunen viser til at ny kommunalsjef no samarbeider med helsefagleg instans for å sikre nye godkjenningar etter forskrifta om miljøretta helsevern for barnehagar og skolar.

Fylkesmannen si vurdering er at kommunen ikkje har ein praksis med godkjenning av barnehagane før opning/utviding. Kommunen har ikkje vist kunnskap om kva som utløyser krav om godkjenning eller ny godkjenning av barnehagane. Vidare er det vår vurdering at kommunen ikkje har ei forståing av rolla som godkjenningsmyndigkeit i tråd med barnehagelova. Dokumentasjonen om Vinjar barnehage, som det er referert til i punkt 4.2, viser dette, og det er også stadfesta i intervjuha.

4.4 Fylkesmannen sin konklusjon

Suldal kommune har nye godkjenningar av barnehagane i kommunen frå 2012 og 2013. Desse godkjenningane er ikkje knytte til opning eller endring av barnehagane. Fylkesmannen konkluderer med at kommunen ikkje har rutinar og praksis for godkjenning av barnehagar etter krava i barnehagelova § 10.

5. Kommunen sitt tilsyn med barnehagane

5.1 Rettsleg krav

Kommunen skal som barnehagemyndigkeit føre tilsyn med kvar barnehage. Kommunen skal gjennom godkjenning, rettleiing og tilsyn sjå til og sikre at barnehagane i kommunen driv i samsvar med gjeldande regelverk og elles er forsvarlege.

Det rettslege utgangspunktet for tilsynet sin kontroll med kommunen som tilsynsmyndigkeit er å finne i barnehagelova § 16. Sjå vedlegg for ei konkretisering av dei rettslege krava.

5.2 Fylkesmannen sine undersøkingar

På den tida Fylkesmannen gjennomførte tilsyn med Suldal kommune i 2008, hadde kommunen plan og rutinar for å føre tilsyn med barnehagane. Det blei ikkje gitt avvik eller merknader på dette temaet. Planen for kommunen sitt tilsyn med barnehagane som ligg i dokumentasjonen no, er ikkje datert. Planen inneheld heimel for kommunen si tilsynsrolle, føremål med tilsynet og lovgrunnlaget. Det er vist til at alle barnehagane i Suldal til vanleg skal ha minst eitt tilsyn anna kvart år, men det kan i spesielle høve bli oftare og det kan også gjennomførast umelde tilsyn. Det er vidare gitt oversyn over gangen i tilsynet, med rutine for varsel, skjema som styrar skal fylla ut og senda inn, deltarar, gjennomføring av tilsynet og rapportering og tilbakemelding etter tilsynet.

I intervju kjem det fram at kommunen sine rutinar for tilsyn i barnehagane ikkje er gjennomførte dei siste åra. Det er opplyst at kommunen ikkje har hatt barnehagesjef, og derfor ikkje har hatt kapasitet til å gjennomføre tilsyn etter oppsett rutine og plan.

I dokumentasjonen frå kommunen ligg det ved mal for gjennomføring av tilsynsbesøk i barnehagane hausten 2011. Malen har spørsmål innan områda frå det pedagogiske arbeidet, samarbeid med foreldre og andre instansar, internkontroll og HMS, målingar og utfordringar. I dokumentasjonen er det kopi av tilbakemelding etter gjennomført tilsyn i Stølane barnehage i 2011. I intervju er det opplyst at det ikkje blei gjennomført tilsynsbesøk i alle barnehagane. Berre ein av dei tre barnehagane som deltok i dette tilsynet, hadde tilsynsbesøk.

Årsmeldingane frå barnehagane (2012 og 2013) oppgjer at 6 barnehagar har hatt brevtilsyn og 2 barnehagar har hatt stadleg tilsyn i 2012, vidare at 6 barnehagar har hatt brevtilsyn i 2013. Styrarane stiller seg spørjande til desse opplysningane. Intervjuva viser at det har vore gjennomført medarbeidarsamtalar med styrarane, desse samtalane hadde også spørsmål om situasjonen i barnehagen, men blei ikkje oppfatta som tilsyn. Det blei ikkje gitt rapportar med tilbakemeldingar etter desse samtalane.

5.3 Fylkesmannen sine vurderingar

Vi har vist ovafor at kommunen i tidspunktet for Fylkesmannen sitt førre tilsyn hadde rutinar for tilsyn med barnehagane i samsvar med krava i barnehagelova. Fylkesmannen skal no vurdere kommunen sin tilsynspraksis på tidspunkt for dette tilsynet.

Etter Fylkesmannen si vurdering er det dokumentert at Suldal kommune ikkje lenger har rutinar for tilsyn med barnehagane. Dette er stadfesta i intervju. Vi har stilt spørsmål ved om godkjenningane for barnehagane som er vedtekne i 2012 og 2013, er ein del av tilsynsrutinane, men kommunen kan ikkje stadfeste eller avvise dette.

Tema i malen for tilsynsbesøka i barnehagane hausten 2011 er i liten grad henta frå krav i barnehagelova, og viser heller ikkje til lovparagrafar. Innhaldet er etter vår vurdering ikkje eigna for å vurdere om barnehagane si drift er i tråd med lova. Vi viser her til tilbakemeldinga frå tilsynsbesøket i Stølane barnehage. Tilbakemeldinga inneheld ei kort oppsummering av nokre av områda, men gir ikkje vurderingar av om krav etter barnehagelova blir følgde. Den konkluderer heller ikkje med om det er avdekt brot på barnehagelova. Samtalane som er

gjennomførte, er etter Fylkesmannen si vurdering meir å sjå på som ei oppfølging frå barnehageeigar, ikkje som eit tilsyn etter barnehagelova § 16.

Gjennom dokumentasjon og intervju kjem det fram at Suldal kommune ikkje tar utgangspunkt i rett lovforståing ved rettleiing av og tilsyn med barnehagane. Eit eksempel på dette er praktiseringa av norm for pedagogisk bemanning. Barnehagane i Suldal gir heildagstilbod med oppholdstid 5, 4, 3 eller 2 dagar i veka. Kommunen har rutine med å summere barna si oppholdstida i kvar barnehage og bereknar så den pedagogiske bemanninga ut frå det. Dette er ikkje i tråd med reglane om pedagogisk bemanning i barnehagelova § 18 med forskrift og med presiseringar frå Kunnskapsdepartementet i brev av 16.05.2012. Her er det vist til unnatak frå hovudregelen om at «I barnehager der barna har kortare oppholdstid per dag, kan barnetallet økes noe per pedagogisk leder». For å auke barnetalet per pedagogisk leiar må fleirtalet av barna ha kortare oppholdstid. Med kortare oppholdstid er det meint mindre enn 6 timer per dag (30 timer per veka). Basil-rapporteringa viser at fleirtalet av barna i alle barnehagane i Suldal har ei oppholdstid på 33 timer per veka eller meir, altså meir enn 6 timer per dag/30 timer per veka. Kommunen har etter vår vurdering ei forståing og ei praktisering av reglane på dette området som er i strid med barnehagelova.

Det er Fylkesmannen sin vurdering at Suldal kommune som barnehagemyndigkeit ikkje fører tilsyn med barnehagane som sikrar at dei driv i samsvar med gjeldande regelverk og elles er forsvarlege. Kommunen har ikkje dokumentert planar eller rutinar for tilsyn.

5.4 Fylkesmannen sin konklusjon

Suldal kommune gjennomfører ikkje tilsyn med barnehagane etter krava i barnehagelova § 16.

6. Pålegg som blei varsla i førebels rapport

I førebels tilsynsrapport varsla Fylkesmannen følgjande pålegg:

Kommunen som barnehagemyndigkeit

1. Suldal kommune skal sjå til at barnehagane driv i samsvar med gjeldande regelverk, jf. barnehagelova § 8 1. ledd.

Pålegget inneber at:

- a) Suldal kommune må sjå til at oppgåvene som barnehagemyndigkeit etter barnehagelova (godkjenning, rettleiing, tilsyn) blir utførte.
- b) Suldal kommune må sikre at korrekt lovforståing ligg til grunn for oppgåveløysinga på barnehageområdet.
- c) Suldal kommune må ha rutinar for å hente inn informasjon frå barnehagane som gjer det mogleg å vurdere behov for rettleiing og tilsyn.

Kommunen som godkjenningsmyndigkeit

2. Suldal kommune må sikre godkjenning av barnehagar etter barnehagelova § 10,jf. § 8.

Pålegget inneber at:

- a) Suldal kommune må etablere rutinar for godkjenning av barnehagar som sikrar at vedtak om godkjenning blir gitt før opning/utviding.
- b) Vedtak om godkjenning må sikre at kommunen si vurdering av om lokale og uteområde er eigna for barnehagedrift og om planlagd drift elles er forsvarleg.

Kommunen som tilsynsmyndigkeit

3. Suldal kommune skal gjennomføre tilsyn for å sjå til at barnehagane i kommunen etterlever krava i barnehagelova, jf. barnehagelova §16, jf. § 8.

Pålegget inneber at:

- c) Suldal kommune må etablere rutinar for tilsyn med barnehagane som er eigna til å avdekke lovbro og følgje desse opp slik at dei blir retta.
- d) Barnehagemyndigheita må i rapportar etter tilsyn synleggjere vurderingane sine av om krav i barnehagelova blir følgde.

7. Frist for retting og tilbakemelding

Suldal kommune må innan 01.03.2015 rette dei varsla lovbrota. Kommunen må innan denne datoен sende Fylkesmannen ei skriftleg erklæring om at lovbrota er retta. Det må gå fram av den skriftlege erklæringa korleis rettinga har skjedd. Dokumentasjonen som syner dette må sendast inn.

Med bakgrunn i den skriftlege erklæringa og tilhøyrande dokumentasjon frå kommunen, vil Fylkesmannen vurdere om tilsynet kan avsluttast, eller om Fylkesmannen vil vedta pålegg om retting. Eit eventuelt pålegg om retting vil ha status som enkeltvedtak og kan klagast på etter reglane for dette i forvaltningslova, jf. forvaltningslova kapittel VI.

Kommunen har rett til innsyn i saksdokumenta, jf. forvaltningslova § 18.

Stavanger 8. desember 2014

Liv Svendal
tilsynsleiar

Hanne Sørli Ronæss
seniorrådgivar

Vedlegg: Rettslege krav